

Fanebust 09.07.17

**Viser til ark.saksnr: 17/948 Fonnebost småbåthavn**

Mottok nabovarsel om tiltaket 21.06.17 . Der kom det fram at trase for kommunalt vatn og kloakk skal leggjast på min eigedom (gbnr106/17) langs fv 400.

Eg har tidligare etterlyst informasjon om dette, der eg påpeika at det ikkje er einigheit mellom meg og utbyggjar når det gjeld denne traseen. Dette gjeld framleis. Eg kjem ikkje til å ta stilling til dette før det kjem skikkelig fram korleis arbeidet med grøfta skal gjerast, og ikkje minst korleis resultatet skal vere etterpå. Sidan grøfta må gå langs oppdyrka slåttemark på eit aktivt mjølkebruk er dette viktig for meg å påpeike. Eg må få veta korleis omsynet til eksisterande grøfter og drenering blir ivaretatt og omfanget av heile jobben. Dette har eg ikkje fått skikkelig svar på. Er redd for at omfanget av jobben kan bli større enn det utbyggjar har gjort reie for. No synes eg alt ber preg av hastverk. Eg vil ikkje forhaste meg i ein slik sak, og vil at alle problemstillingar kjem fram og blir diskutert på førehand.

Mvh Marius Rødland